Aktivitetsdag med noko for alle!

01.06.2017

Damevennene kan by på kjekke ting for liten og stor på Aktivitetsdagen.

Laurdag 10.juni er det klart for Damevennene sin populære aktivitetsdag i båthamna til Uskedal båtlag. Damevennene kan no presentera eit allsidig program fylt med kjekke aktivitetar slik at det heilt sikkert vert ein kjekk dag for både borna og oss litt eldre. Nokre aktivitetar er kjende frå tidlegare aktivitetsdagar, medan noko er heilt nytt.

Plakaten innbyr til ein kjekk dag.

Torsdag kveld hadde arrangørane møte i båthamna der dei presenterte programmet, og sjølv om det verka

tettpakka og godt, kunne dei fortelja at dei framleis jobba med nokre aktivitetar slik at det kan verta endå meir! Som tidlegare år vil noko av programmet gå etter ein oppsett tidsplan, medan mange av aktivitetane surrar og går heile tida på båtlagseigedommen. Det nye hamnehuset vil også verta brukt.
Mineralstein-jakt er ein heilt ny og spennande aktivitet. Her får vi kjøpt sandsekker, og så skal vi prøva å vaska fram flotte mineralsteinar på same måte som ved gullvasking. Vi kan finna flotte mineralar som rosa kvarts, ametyst, pyrist og andre fine mineralar. Til arbeidet får vi utdelt eit kart der vi kan finna namnet på dei flotte steinane. Dette trur eg vert både veldig populært og grådig spennande!!

Det vert også muligheter for aktivitetar på sjøen. Kanopadling vert heilt sikkert kjekt for mange, og så kan ein få turar i større fart med mob-båt. Velkjende Kaptein Sprød har vore populær før om åra. Han har lova at i år kjem enten han sjølv, eller så vert det halvbroren hans kaptein HalvSprød. Så skattejakta er sikra.

Som tidlegare år vert det turar med både brannbil og tøffetoget. Putball, ansiktmaling, lykkehjul og lynlotteri vert det også. Desse og andre aktivitetar vil surra og gå heile tida medan vi kan setja oss ned og kosa oss med godsaker som vert selt. Det vert både grillmat, kaffi og kaker og anna godt å få kjøpt.

Innimellom dette dukkar det opp andre gode programinnslag frå scenen. Skulemusikken opnar det heile, og hvis eg ikkje tar feil har dei skikkeleg sjørøvarmusikk på programmet. For første gong får vi oppleva eit strykeorkester i båthamna. Kulturskulelærar Olena Pasichnyk har Strykeorkester 2 i kulturskulen med seg. Å høyra dei i sjøkanten vert heilt sikkert flott og stilig. To svært talentfulle songarar får vi også høyra. Det er Uskedalsjrenta Ronja Lakselv og Rosendalsjenta Nanna Sofie Freheim, med far Atle oppvaksen her i bygda. Begge desse jentene har nydelege stemmer og har imponert mange ganger før.

Andaløpet som vi har omtala lenger nede på sida, avsluttar det flotte programmet! Vi gler oss! Det er alltid så kjekt på denne aktivitetsdagen. Og dersom nokon har lyst til å kle seg ut, syns Damevennene at det er veldig kjekt!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland